



KVINNHERAD
K O M M U N E

Prosjektering og utbygging

Marit Espeland
Bjørgedalen 184 D

5141 FYLLINGSDALEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Grethe Sandvik	918 99 796	2021/1613-3		12.05.2021

Avslag på søknad om kjøp av del av kommunal eigedom 81/101, som tilleggsareal til 81/116, Neslia, Rosendal

Viser til hyggeleg møte på mitt kontor på rådhuset mandag 10.05.2021 vedr forespørsel om kjøp av del av kommunal eigedom 81/101 som tilleggsareal til din private bustadtomt 81/116 i Neslia.

Eg har som avtalt drøfta saka med forvaltning/plan, og fekk følgjande svar:

Denne delen av Neslia er ikkje regulert, berre kommuneplanlagt. Likevel har det vore gjort planfaglege vurderingar rundt friområde i feltet. Det vil vere veldig uheldig å ta av fellesareala og legge det til einskildtomter på denne måten. Dersom arealet som er sett av til friområde/leikeareal her skulle vore tatt i bruk til bustadføremål, bør den utviklast fullt ut som bustad og ikkje leggest til allereie etablerte tomter. Kommunen må seie nei til denne typen spørsmål på prinsipielt grunnlag.

Med bakgrunn i dette får du med dette avslag på søknaden.

Med helsing
Kvinnherad kommune

Grethe Sandvik
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.